

**SPARLØPET som terrengløp!**

11.03.2014

**SPARLØPET laurdag klokka 13 vert terrengløp i staden for eit renn på ski**  
**- det vert med andre ord flytta frå Fjellhaugen til sentrum i bygda med**  
**start og mål på kaien nedanfor SPAR. Stilarten vert endra til joggesko!**  
**Skigruppa slår fast at forholda no er perfekte for løp, med bare vegar**  
**og god temperatur.**

-Mange har gjennom vinteren sprunge mykje langs vegane.  
No får alle høve til å prøva farten i løypene i Uskedalen, seier  
Steinar Haugland, som gjev fleire opplysningar på 410 42659

- Kva med løypelengdene?  
- Løpet er for alle aldersklassar og løypelengdene vil variera frå 300  
til 1500 meter. Løpet er i samarbeid med SPAR og det vert fine  
premiar til alle. Siste frist for påmelding er klokka 12.30.

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen